


PLANSKILDRING

REGULERINGSPLAN FOR HYTTEFELT PÅ LAUVØY 160/70

(REGULERINGSENDRING)

PLAN ID: 1264-2007002 Austrheim kommune



DOKUMENT I SAKA

- A Planskildring - Dette dokument
- B Føresegn
- C Plankart
- D Illustrasjon

1 SAMANDRAG

Lauvøy Hyttelag ligg i Austrheim kommune i Hordaland. Området er regulert og har planId 1264-2007002. Området er tilnærma utbygd; berre 1 tomt står ubebygd i den eksisterande planen

Plangrensa er som opprinneleg.

Hovudformålet med endringa er å rydde opp i eksisterande kart og føresegn; rydde i uklare formuleringar; tilpasse føresegn og kart til utviklinga elles i hyttefelt i Austrheim; få på plass etterspurt naustområdet (i staden for reidskapsbu); opne for frittstående bod på kvar tomt; og få inn 2 stk nye tomtar.

Planarbeidet er utført i samsvar med krava i plan- og bygningslova og planomtale organisert og presentert i samsvar med sjekkliste for planskildring gitt av Miljødepartementet.



Figur 1 Flyfoto frå området.

1 Innhald

1	Samandrag.....	2
2	Bakgrunn.....	4
3	Planprosessen.....	5
4	Planstatus og rammevilkår	6
5	Skildring av planområdet – Eksisterande tilhøve.....	7
6	Skildring av planframlegg	11
7	Verknad av planforslag	16
8	Konsekvensutgreiing – ikkje aktuell.....	20
9	Innkomne innspel	21



Figur 2 - Frå område og utsikt frå ein av dei nye tomtane

2 BAKGRUNN

2.1 Føremål med planen

Dette er ein revisjon av ein eksisterande plan. Plangrensa er ikkje endra. Føremålet med revisjonen er å rydde i føresegn og plankart; rydde i uklare formuleringar; tilpasse føresegn og kart til utviklinga elles i hyttefelt i Austrheim; få på plass etterspurt naustområdet (i staden for reidskapsbu); opne for frittstående bod på kvar tomt; og få inn 2 stk nye tomtar.

Del av revisjonen er også å få plankartet i sosi-format.

2.2 Forslagstillar, plankonsulent, eigeforhold

Forslagstillar: L.T.E & Invest AS

Plankonsulent: ADU – Ingeniør Atle D. Utkilen

2.3 Tidlegare vedtak

Området har godkjent reguleringsplan med planid 1264- 2007002. Revidert plan har same planid

2.4 Krav om konsekvens-utgreiing

Dette er eit eksisterande og tilnærma utbygd felt. Ny konsekvensutgreiing etter KU - forskrifta er difor vurdert som ikkje naudsynt.

Austrheim kommunestyre har handsama oppstart av reguleringsendringa i sak 129/14. I vedtaket har kommunen kome fram til at reguleringsendringa ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter gjeldande forskrift. Vi er samd i denne vurderinga.

Verknader og konsekvensar planen har lokalt, er gjort greie for i ROS analysen og under kapittel 7

3 PLANPROSESSEN

3.1 Medverkningsprosess, varsel om oppstart, ev. planprogram

Tiltakshavar har sendt inn søknad til kommunen om løyvet til å starte planendring.

Formannskapet har handsama søknaden i sak 129/14.

Melding om oppstart av planarbeid stod i Strilen (fulldistribusjon) 21.02.2017



ADU as
Melding om oppstart av
privat reguleringsplanarbeid



ADU as gir med dette, i samsvar med § 12-8 i plan- og bygningslova, melding om at det vert starta arbeidet med utarbeiding av reguleringsendring for Hyttefelt på Lauvøy 160/70, PlanID: 2007002, Austrheim kommune. Oversiktskart med avlagt plangrense.

Området er på ca. 48 dekar, og vil bli regulert inn eit område for naust. Området for redskapshus vert tatt ut og erstatta med eit naustområde på ca. 400 m2. Ytre etatar vil bli varsla særskilt. Eventuelle merknader eller opplysingar som bør leggjast til grunn for reguleringsendringa, skal sendast til:

ADU AS
Fonnes Senter, pb. 75, 5952 Fonnes
Tlf.: 59168080, e-post: atle@adu.no

innan 27.03.2017. Her vil ein og kunna få nærare opplysningar. Kopi av merknader m.m. skal i tillegg sendast til kommunen. Planen medfører etter kommunen si førebelse vurdering ikkje krav om konsekvensutgreiing etter kap. 4 i plan- og bygningslova.

Figur 4 - annonse - varsel oppstart

Rådmannen har vurdert at planendringa som no skal utarbeidast ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter gjeldande forskrift.

§ 12-14. Endring og oppheving av reguleringsplan

For utfylling, endring og oppheving av reguleringsplan gjelder samme bestemmelser som for utarbeiding av ny plan. Kommunestyret kan delegera myndigheten til å treffe vedtak om mindre endringer i reguleringsplan eller til å vedta utfyllinger innanfor hovodtrekkene i reguleringsplanen. Små endringer kan delegeres til administrasjonen. Før det treffes slikt vedtak, skal saken forelegges berørte myndigheter, og eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket, skal gis anledning til å uttale seg. Jf. for øvrig § 1-9.

Rådmannen rår til at planarbeidet startar opp med å få på plass ei mindre planendring av føresegnar og plankart til "Reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70 " med Planid. 2007002.

Konklusjon:

I medhald av plan- og bygningslovå § 12-14 vedtek Austrheim kommune igangsetting av mindre planendring for "Reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70 " med Planid. 2007002. Formålet med planendringa er å endra føresegnene og plankartet slik at utvikling av hyttefeltet vidare vert i tråd med gjeldane praksis og tidlegare løyve gjeve her.

Figur 3 Utklipp sak 129/14

4 PLANSTATUS OG RAMMEVILKÅR

4.1 Overordna planer


a) Kommuneplan – arealdel evt. kommunedelplanar

Kommuneplanen, arealplan, er vist med referanse til reguleringsplaner for området.

4.2 Gjeldande reguleringsplaner

Området har godkjent reguleringsplan med planid 1264- 2007002

4.3 Tilgrensande planar



Heile Lauvøy er regulert.

Planen grensar til to av desse plane; PlanId 1995003 og PlanId 1995001.

4.4 Temaplaner/samfunnsdel av kommuneplan

I planarbeidet har ein nytta kommunen sine dokument (kommuneplan m/føresegn, planskildring, samfunnsdel og KU og ROS) som grunnlag ved vurderingar.

Det er ikkje funne noko i dokumenta som ein spesifikk må ta omsyn til i planområdet.

4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (RPR)

Føremålet med desse rikspolitiske retningslinjene er å:

- Synleggjere barn og unge sine interesser i all planlegging og byggjesakshandsaming etter plan- og bygningslova.
- Gje kommunen betre grunnlag for å integrere og ivareta barn og unge sine interesser i planlegging og byggjesakshandsaming
- Gje grunnlag for å vurdere saker der barn og unge sine interesser kjem i konflikt med andre omsyn/interesser.

Planforslaget er vurdert opp mot desse retningslinjene.

4.6 Universell utforming.

Prinsippet om universell utforming i planlegginga går fram av plan og bygningslova § 1 – 1:

«Prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og krava til det enkelte byggetiltak»

I planlegginga er nytta det rettleiingsmaterialet som er samanstilt under «<https://www.regjeringen.no> universell utforming i planlegging».

5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

5.1 Lokalisering



Omlag 6 km til Austrheim, og omlag 8 km til kommunesenter ved Mastrevik torg

Området ligg i Austrheim kommune like ved fylkesveg fv 568 (Sæverøyvegen), der Krossøyvegen startar, omlag 6 km frå Austrheim og omlag 8 km frå Mastrevik torg/kommunesenteret i Austrheim kommune.

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk

Planområdet er regulert til hytteføremål og er i hovudsak ferdig utbygd både med veg, hytter og båtplassar ved sjøen.



Også tilstøytande områder er regulert til hytteføremål og er i hovudsak utbygd.

5.4 Landskap

Hyttefeltet ligger i et åpent og småkuppert kystlandskap. Grunnlendt vegetasjons-dekke med mykje synleg fjell i dagen. Slakt skrånande terreng frå kote 0 - + 25. Høgaste punkt ligg på kote + 31 meter like sør for området.



5.6 Kulturminner og kulturmiljø

Det er tidlegare registrert steinalder-lokalitet i planområdet; to steinalderlokalitetar (askeladden id. 160072 og 55442).

For detaljer om dette og registreringar som er gjort ved denne planendringa, sjå vedlagt rapport nr 152017.

5.7 Naturverdiar

Området har ikkje naturverdiar som må vernast, eller som må liggje urørde att i reguleringsplanen.

5.8 Rekreasjonsverdiar/rekreasjonsbruk, ute områder

Sjøen, strandlinja og vågen er aktivt brukt av alle i området. Områda er sikra som friluftsområde i eksisterande plan.

5.9 Landbruk

Ikkje aktuelt i planområdet. Områda utanfor tomtane og vegnettet er i dag definer til friluftsområde og til vern av kulturmiljø eller kulturminne.

5.10 Trafikkforhold

a) Køyretilkomst

Tilkomsten/avkjørsel til området er fra Krossøyvegen like etter avkjørsel fra fylkesveg 568 – Sævråsvegen. Avkjørsle er oversiktleg.

b) Vegsystem

Området var planlagt basert på at alle skulle parkere bilar ved felles parkeringsplass like etter avkjørsel og gangveg fram til dei enkelte tomtane. I praksis har dette ikkje fungert. Midlertidige tilkomstvegar har vorte felles interne kjørevegar med parkering på eigen tomt. Litt av reguleringsendring no handlar om å rette opp planen i samsvar med dette.

c) Trafikktryggleik for mjuke trafikkantar

Vi har ikkje funne at det er registrert trafikkulukker på fylkesvegen på strekninga langs planområdet, eller på vegane internt i området.

Internt i reguleringsområdet, meiner vi trafikktryggleiken langs dei interne vegane er ivareteken. Vegane og avkjørslene til kvar tomt er oversiktlege og trafikken er låg.

d) Kollektiv tilbod

Tilbodet langs Fv 568 i dette området er buss.

5.11 Barnas interesser

Utover eventuelle private tiltak på eigne tomtar er det i dag ingen tilrettelagde leikeplassar eller andre tiltak for barn og unge i reguleringsområdet.

5.12 Sosial infrastruktur

a) Skule

Ikkje vurdert. Det er berre fritidsbustad i planområdet.

b) Barnehage

Kommunal barnehage ved kommunesenteret, omlag 8 km.

5.13 Universell tilgjengelegheit

Eksisterande område er ikkje spesielt utforma eller lagt til rette med tanke på universell tilgjengelegheit.

5.14 Teknisk infrastruktur*a) Vatn og avlaup*

Feltet er knytt til privat vassleidning.

Avlaupa er private med slamavskiljarar med utslepp til sjø.

a) Avfall

Renovasjonsbil hentar avfall ved felles parkeringsplass.

b) Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m.

Det er lagt ut forsyning via kabelgrøft i heile området frå intern trafo.

5.15 Grunnforhold

Varierende grunnlendt jordlag (myr/matjord) over fjell, dels fjell i dagen. God og uproblematisk byggjegrunn.

5.16 Støyforhold

Einaste støykjelde er trafikkstøy frå fylkesvegen. Denne delen av fylkesvegen er ikkje rekna for å vere støyutsett i følgje vegvesenet sine støykart.

5.17 Luftforureining

Det er ikkje kjende utslepp som medfører luftforureining i eller nær området.

5.18 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Kommuneplanen foreslår ingen risikoreduserande tiltak for dette området.

5.19 Næring

Det er ikkje næringsverksemd i reguleringsområdet.

6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGG

Dette er eit eksisterande og tilnærma utbygd regulert felt. Skildringa av planframlegget er derfor noko forenkla, og vi har berre tatt med informasjon om endringar opp mot tidlegare plan.

For punkt, føremål i føresegn, som ikkje er kommentert, er det i hovudsak ingen endring frå dagens situasjon, eller dei er sjølvforklarande i føresegna.

6.1 Planlagt arealbruk

Reguleringsføremål- arealbruk (omlag storleik/avrunda)

Bygningar og anlegg.

Fritidshus frittliggjande	8 950 m ²
Småbåtanlegg i sjø og vassdrag -«- med tilhøyrande strandsone	750 m ²
Uthus/naust	450 m ²

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

Veg	1 300 m ²
Anna veggrunn – grøntareal	800 m ²
Parkeringsplassar – generalisert	650 m ²

Landbruk-, natur- og friluftsføremål

Friluftsføremål	20 800 m ²
Vern av kulturmiljø eller kulturminne	300 m ²

Bruk og vern av sjø og vassdrag til tilhøyrande standsone

Ferdsel	11 100 m ²
Badeområde	2 900 m ²

Samla areal av planområdet 48 000 m²

6.1 Fritidshus frittliggjande

I revidert plan er tal tomtar auke med 2 stk; ny plan totalt 12 tomtar. Tomtane varierer i storleik frå omlag 750 - 900 m². Totalt 9 av tomtane er tatt i bruk.



I revidert plan er det gjeve løyve til at ein kan byggja ei frittståande bod på 15 m² på kvar tomt.

Det er lagt inn krav at ved bygging av kjørbar veg fram til tomten, skal det vera mogeleg å snu på eigen tomt.

Føresegn

Så langt det har vore mogeleg, er krav i gjeldande føresegn tatt med, men omforma og tilpassa slik dei blir skrive i dag. Der det har vore uklar kva som var meint, har tekst vorte retta.

Endring av tilkomst

Gjeldande plan er basert på prinsipp om at det berre skal vera gangveg fram til hyttene. Slik har det ikkje vore praktisert. Mange har etablert veg inn på eigen tomten. I revidert plan er dette tatt omsyn til. Ein kan fortsatt nytte prinsippet om gangveg til tomten, og nytta felles parkeringsplass. Vel ein derimot å etablere kjørbar veg, vert det stilt krav til både parkering og at ein skal kunne snu på eigen tomt.

6.2 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande standlinje f_BBS


Felles anlegg i sjø. Anlegget er i prinsipp ferdig opparbeid. Ingen endringar i den reviderte planen.



6.3 Naust -BUN

I opprinneleg plan er areal/anlegg for plassering av båtar tatt med, men det er ikkje stilt krav til utforming eller plassering. Det er berre skrive at kommunen skal godkjenne plassering og utforming av dette. I den reviderte planen er dette endra og både form og plassering er definert og er i samsvar med krav til naust i kommuneplan.

Nausta er tenkt plassert inn i terrenget på innsida av vegen nede ved sjøen. All form for skjering bli skult av bygga.



I tillegg sikrar plasseringa at ein ikkje stenger av strandlinja.



Det er totalt satt av 450 m² til nausta. Krav til tiltaket er definert i føresegna.

6.4 Trafikkløysing

Tilknytning til overordna vegnett Krossøyvegen og Fylkesvegen 568

Revidert plan medfører tilnærma ikkje noko endring av trafikkbelastninga ut og inn frå området (auke 2 tomter). Planlagte nausta er tiltenkt dei som bur/har hytte i området, og medfører ikkje noko auka trafikk.

Vi er ikkje kjent med at det har vore noko utfordring, eller trafikkfarlege situasjon ved avkjørsla slik den ligg i dag.

I revidert plan har vi derfor lagt til grunn at ein kan vidareføre noverande løysing med 1 hovudavkjørsel frå Krossøyvegen og ein direkte avkjørsel til enkelt tomt i BRF4.

Interne kjørevegar og tilkomst til tomtane

Alle kjørevegane i feltet er kombinerte køyre- og gangveggar; private tilkomstveggar. Fartsgrensa er 30 km/t.

Området var planlagt med felles parkeringsplass og gangveg fram til dei enkelte hyttene.

Slik har det ikkje vorte. Flyfoto under vise at det er bygd kjøreveg fram til alle hyttene og at det også er etablert parkeringsplassar på dei enkelte tomtane.

I revidert plan er dette tatt omsyn til. Vegen er no definert som privat felles tilkomstveg og med fartsgrense 30



km/t. Det er også lagt inn areal for anna veggrunn for å sikra framtidig oppgradering/vegutviding av vegen.

6.5 Plan for vatn- og avløp samt tilknyting til offentleg nett

Ingen endring i revidert plan

6.6 Vern av kulturmiljø eller kulturminne

I samband med reguleringsendringa er det gjennomført arkeologisk registrering. Det ligg føre rapport som er vedlagt. Omsynssone H730 og H570 er tatt omsyn til og lagt inn i reguleringskaret.



Rapport 15 2017 | Hordaland fylkeskommune | 4

1. Samandrag

I samband med reguleringsendring for Lauvøy hyttefelt, gnr. 160, bnr. 70 mfl. i Austrheim kommune har Fylkeskonservatoren ved Hordaland fylkeskommune gjennomført ei arkeologisk registrering med siktemål å kartleggje eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne i planområdet. Registreringa vart utført den 27. juni 2017 av Anders Wahlborg og Robert Stormark. Master-student Alex Storm Skoglund frå Universitetet i Bergen deltok som hospitant. Rapport er skriven av Robert Stormark.

Det vart grave 12 prøvestikk. Desse vart grave i og rundt den originale kartfestinga for lokaliteten (id. 55442). To av dei tolv prøvestikka var funnførande. Lokaliteten var kraftig nedjustert i storleik, i tillegg til at den vart flytta noko mot sørvest.

7 VERKNAD AV PLANFORSLAG

Den reviderte planen medfører i prinsipp ingen endre opp mot slik området er i dag, og slik det er brukt i dag.

Den reviderte planen er meir ein opprydding, og ein oppretting av eksisterande plan slik at den vert i tråd med slik det er bygd, gjeldande praksis og slik det er gjeve løyve til. I

7.1 Overordna planar

Planendringa er i samsvar med overordna plan – kommuneplan.

7.2 Landskap, staden sin karakter

I prinsipp ingen endring.

7.3 Kulturminner og kulturmiljø, ev. verneverdi

Planen sikrar definerte kulturminnefunn i samsvar med krav.

Omsynsone H730 og H570 er lagt inn i plankart og også tatt med i føresegn.

7.5 Rekreasjonsinteresser/ rekreasjonsbruk

Ingen endring frå opp mot gjeldande plan. Området er stort, med store tomtar og også store områder avsett som friluftsområder. Nye tiltak ved sjøen, naust, er trekt tilbake frå strandlinja slik at tiltaket ikkje hindrar bruk av standsona. Det ligg også inne ein klar føresetnad om at alle områder er opne for fri ferdsel.

7.6 Trafikktilhøve

Den reviderte planen fører ikkje til nok vesentleg endring av trafikk inn og ut av området.

Internt er det opna for kjøring til tomtane. Dette er ei endring opp mot tidlegare føresegn, der det var gangveg til tomtane. Men i verkelegheita er ikkje endring ein endring. Det er alt bygd kjørbare veg til tomtane og alle praktiserer dette.

7.7 Barns interesser

Ingen endring/konsekvens.

7.9 Energibehov – energiforbruk

Ingen endring/konsekvens .

7.10 ROS

Plan- og bygningslova krev at det i planarbeidet skal utførast risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) for planområdet. Føremålet er å finne ut om det er eksisterande risiko og sårbarhetstilhøve som har betydning for planlegginga og om planen fører til at det oppstår nye.

Vi har utført ROS-vurdering i samsvar med krav. Som det går fram av etterfølgjande vurdering er det avdekt forhold som kjem i gule sone: 2, 3, 5, 12, 13 og 14. Alle forhold er knytt til skred og dei vurderingar som er gjort i samband med skredvurdering i kommunen. Det vert gjort merksam på at det ikkje har skjedd skred i området. I tillegg er det forutsatt at det vert gjort ei spesifikk vurdering ved alle ny tiltak.

Risikomatriser - oppsummering

Raud	Medfører uakseptabel risiko. Her skal risikoreducerande tiltak gjennomførast. Alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analyser for å avkrefte risikonivået.
Gul	ALARP-sone, dvs. tiltak skal gjennomførast for å redusere risikoen så mykje som mogleg. (ALARP= As Low As Reasonable Practicabel). Det vil være naturleg å legge ei kost-nytteanalyse til grunn for vurderinga av ytterligare risikoreducerande tiltak.
Grønn	I utgangspunktet akseptabel risiko, men ytterligare risikoreducerande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut fra økonomiske og partiske vurderingar.

		RISIKOMATRISJE - arealbruk (LIV OG HELSE)				
SANSYN	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
Konsekvens						

		RISIKOMATRISJE - arealbruk (MILJØ)				
SANSYN	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
Konsekvens						

		RISIKOMATRISJE - arealbruk (ØKONOMI)				
SANSYN	S5					
	S4		2,3,5, 12,13 ,14			
	S3					
	S2					
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
Konsekvens						

Oppsummering ROS-analyse

Avdekka risiko:
ingen risiko avdekt. Alle i Grønn

ROS-analyse - Lauvøy

Naturbasert sårbarhet					
Nr	Uønsket hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Ekstremvær www.met.no					
1	Sterk vind			S4xK1	Planområdet ligg åpent til og er på lik linje med hele kystlandskapet i området, sårbar for sterk vind frå uheldig retning. Bygger en i samsvar med krav i pbl har dette liten konsekvens.
2	Store nedbørmengder			S4xK1	Store nedbørmengder skjer. Hele området har slakt skrånande terreng og med tynt vegetasjonsdekke. Liten eller ingen konsekvens.
3	Store snømengder			S1xK1	Vurdert som lite sansynleg/ikkje aktuelt.
4	Anna				
Flaumfare www.nve.no					
5	Flaum i elvar /bekkar			S4xK1	Ikkje aktuelt i planområdet.
6	Flaum i vassdrag / innsjøar				Ikkje aktuelt i planområdet.
7	Overvasshandtering				Det er slakt skrånande terreng. Området består også av mykje fjell i dagen og med tynt vegetasjonsdekke. Liten eller ingen risiko innan for planområdet.
8	Springflod / storm				Springflod skjer noen ganger. Område/strandlinja ligg skjerna til.
9	Historisk flomnivå				Ikkje kjent.
10	Anna				
Skredfare www.skrednett.no					
11	Kvikkleireskred				Det er ikkje påvist kvikkleire i planområdet
12	Laumasseskred			S1xK	Terreng er slakt skrånande og med tynt vegetasjonsdekke. Vurdert som usansynleg og ufarleg innanfor sjølve planområdet.
13	Is- og snøskred			S1xK1	Ikkje aktuelt
14	Steinras, steinsprang			S1xK1	Ikkje aktuelt
15	Historiske hendingar				Ikkje kjent hendingar.
16	Anna				
Byggegrunn www.ngu.no					
17	Setningar				Ikkje aktuelt - står på fast fjell
18	Utglijingar				Ikkje aktuelt - står på fast fjell
18	Radon	S1xK2			Ikkje kjent at området er utsatt for radon, men det blir lagt inn radonsperre i nye bustader.
20	Anna				
Plante og dyreliv www.dimat.no					
21	Planter				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
22	Dyr				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
23	Fuglar				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
24	Anna				
Kulturområde www.kulturomnesok.no					
25	Freda kulturområde				Funn er sikra.
26	Se frag-bygg				Ingen registrer eller påvist.
Brann / eksplosjon					

ROS-analyse - Lauvøy

27	Brannfare	S2xK2	S2xK2	S2xK2	Innafor planområdet er det hytter som kan brenne. I tillegg kan det oppstå lyng og skogbrann.
28	Eksplosjonsfare				Ikke aktuelt, med unntak av i båter.
29	Anna				
Energitransport					
30	Høgspent			S1xK2	Lite aktuelt i dag.
31	Lågspent			S1xK2	Lite aktuelt i dag.
32	Gass				Ikke aktuelt.
33	Anna				
Forureina vatn					
34	Drikkevasskjelde				Ikke aktuelt
35	Sjø, badevatn, fiskevatn, vassdrag og lignande				Ikke aktuelt.
36	Nedbørsfelt				Ikke aktuelt
37	Grunnvassnivå				Ikke aktuelt
38	Anna				
Forureining - grunn					
39	Kjemikalieutslepp				Ikke aktuelt
40	Anna				
Forureining - luft					
41	Støy/partiklar / røyk				Ikke aktuelt
42	Støy				Lavt støynivå. Det kan være litt støy fra nærliggande vegar.
43	Lukt				Ikke aktuelt
44	Anna				
Friluftsliv og tilgjenge til sjø http://www.hordaland.no					
45	Fri ferdsel langs sjø				Ikke aktuelt
46	Friluftsliv				Ikke aktuelt
47	Anna				
Sårbarhet knytt til infrastruktur					
Nr	Uønsket hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Trafkkfare http://www.vegvesen.no					
48	Trafikkulykker på veg				Ikke kjente ulykker i planområdet.
49	Anna				
Forureining					
50	Støv/partiklar				Ingen kjent risiko
51	Støy				Ingen kjent risiko
52	Lukt				Ingen kjent risiko
53	Utslepp / kjemikalier				Ingen kjent risiko
54	Anna				
Ulykker på nærliggjande vegar / transportåre http://www.vegvesen.no					
55	Veg				Ingen kjent situasjon
56	Sjø				Ingen kjent situasjon
57	Luft				Ingen kjent situasjon
58	Anna				

7.12 Teknisk infrastruktur

Alt er ferdig bygd/ingen konsekvens

7.13 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen direkte. Utbygginga kan gjennomførast utan at det krev utbygging av nye kommunale anlegg.

7.14 Konsekvensar for næringsinteresser

Det er ingen næring i planområdet. Utbygginga betyr oppdrag og inntekt for næringsinteresser.

7.15 Interesse motsetjingar

Ingen nye interesse motsetjingar ved revisjon.

Internt er plassering av nye tomter justert etter befaring og møte med ein av tomteeigarane.

8 KONSEKVENsutGREIING

Ikkje aktuelt for denne planen.

9 INNKOMNE INNSPEL

9.1 Merknader (samandrag merknad og vårt svar)

Til varsel om oppstart kom det inn merknader.

- BOH 01.03.2017
- Hordaland Fylkeskommune 22.03.2017 og 07.04.2017
- Fylkesmannen i Hordaland 23.03.2017
- Statens vegvesen. 23.03.2017

BOH – Bergen og Omland Havnevesen

Følgjande merknader:

- a) Tiltak i sjø, som krev byggjesøknad, må ha løyve iht Hamne- og Farvasslova § 27, første ledd. Dette må med i føresegn.
- b) Registrert fiskeinteresser (gytefelt for torsk) i planområdet. Planen bør derfor også sendes til Fiskeridirektoratet for uttale.

Vår merknad

Pkt a er tatt med i føresegn under § 0.6. Ansvar for dimensjonering ligg på ansvarleg prosjekterande.

Pkt b er ikkje vurdert. Dette fordi tiltaka i revidert plan ikkje medfører tiltak i sjø.

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på klimatilpassing/ros, landskap, arkitektur og estetikk, friluftsliv, naturmangfald, strandsone og kulturminne og kulturmiljø.

Dei har i tillegg varsla om arkeologisk registrering.

Vår merknad

Merknad er i hovudsak ivaretatt for nye tiltak.

Det er gjennomført arkeologisk registrering. Revidert plan sikrar omsynssoner i samsvar med registreringa.

Fylkesmannen i Hordaland

Revidert plan må utarbeidas i samsvar med nye føringar inkl ROS-analyse.

Fylkesmannen er kritisk til tiltaka som er gjort i området og som er i strid med gjeldande reguleringsplan, og særleg at det er gjort inngrep i omsynssone for kulturminne.

Vektlegg at vidare inngrep må skje utan større inngrep enn det som alt har skjedd.

Ved bygging av naust, bør det leggjast opp til variasjon i bygningsmiljøet og med maks storleik pr naust på 40 m². Omsyn til ålmenn rekreasjon og ferdsel må sikrast.

Vår merknad

Vi kjenner ikkje bakgrunnen for at det er gjort tiltak i omsynssone og andre tiltak som ikkje samsvarer med gjeldane plan. Vi finn derfor ikkje grunn til å kommentere dette.

Øvrige merknader er så langt vi kan sjå i hovudsak ivaretatt i revidert plan.

Statens Vegvesen.

Dei ynskjer informasjon om endring/auke i trafikk til området, og trafikktilhøve generelt og med fokus på mjuketraфикantar. Dei vil koma med uttale når planen vert lagt ut på høyring.

Vår merknad

Revidert plan medfører ikkje målbar auke i trafikk. Planlagte naust er for dei som alt bur i feltet.